



Uskedalslag etter kampen (spelarane født i 1998 og 1999): Martin Yri Røssland (1999), Sondre Myklebust (1999), Johannes Haugland (1999), Kjartan E. Tungesvik (1998), Robert Stensletten (1999), Emil B. Berntsen (1999), Marius Myklebust (1998) og Karsten Andre Haugland (1999). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Heio-Cup blir arrangert for niande gongen denne sundagen og er i ferd med å bli ein stor suksess, ikkje minst fordi det i alle fall frå starten er eit så strålande sommarver sjølv om vi skriv september



Uskedalslag etter kampen (spelarane født i 2000 og 2001): Jakob Taranger (2000), Joakim Myklebust (2000), Torstein Myklebust (2000), Merethe Myklebust (2000), Hanne T. Hauge (2000), Sander Myklebust (2001) og Simon Taranger (2001). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei unge spelarane med foreldre og andre supportarar kosar seg på Heio der dei skal halda det gåande til langt utpå ettermiddagen. For prinsippet er at alle laga skal få minst tre kampar!



Uskedalslag etter kampen (spelarane født i 2001, 2002 og 2003): Harald L. Myklebust (2001), Thea Taranger (2002), Silje Soldal (2003), Jostein Soldal (2003), Fredrik Haugland (2002), Andrea Hjelmeland (2002), Martin Arnesen (2002), Ida Marie K. Eidsvik (2002) og Viljar Tveit (2002). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Berre eitt av dei påmeldte laga har falle frå og det betyr at 30 lag deltek. Hvis ein så reknar eit gjennomsnitt på sju spelarar på laget kjem ein opp i ein spelarflokk på 210 og det er imponerende når ein tenkjer på at alle kjem frå Kvinnherad. Kanskje blir det enda fleire neste år, for uskedalen.no får opplyst at det har vore og blir vurdert ei utviding slik at også lag frå andre kommunar kan få sleppa til om dei vil. Då vil det eventuelt bli ei forlenging frå ein til to dagar.

Apropos årsklassane: I utgangspunktet omfattar Heio-Cup årsklassane 1998, 1999, 2000 og 2001, men det er sin såkalla sannheit med modifikasjonar: Faktisk er det med også mange yngre spelarar. Til dømes stillar vertane med eit knippe spelarar som er født i 2002 og tvillingparet Silje og Jostein Soldal er født i 2003 og altså berre fem år gamle! Med andre ord er det fotballrekruttar frå fem til 10 år som i aksjon på det fine Heio-graset denne gongen.

Naturleg nok og i tråd med reglane blir det ikkje operert med nokon rangering i eit arrangement som dette. Her er alle vinnarar og får diplom og statuett.

Tilhøva er var som ein skjønar framifrå denne sundagen og fotballgruppa avviklar det heile med den sikre rutine som den er kjent for. At vertane sjølv mønstrar tre lag med tilsaman 24 spelarar er også imponerende..

Av Ola Matti Mathisen.